



Dei siste toaletta kjem på plass!

**- Vi er stort sett i rute med rigginga og vil vera 95 prosent klare når Festidalen-området opnar for publikum klokka halv sju i kveld. Det sa Sveinung Mæland Pile i festival-leiinga til uskedalen.no tre timar før startskotet for rockefestival nummer fem i Uskedalen.**

Det fyrste bandet skal vera klart på scena kvart på åtte. Første festivaldag har så langt vore prega av fint sommarver.

Regnveret laga problem før i veka, og mange bilar køyrde seg fast på området torsdag. Fredag fylte dei på med spon for å gjera det framkommeleg.



Vergudane har gjort sitt for å stikke kjeppar i hjula for Festidalen, men dei har ikkje lukkast så langt.

- Dei frivilljuge har gjort ein fantastisk jobb, understreka Pile. Appellen om å melda seg til teneste har hatt ein respons som festivalleiinga tykkjer er nesten utruleg. Utan at Pile hadde full oversikt fredag ettermiddag, trudde han at mannskapstalet no er oppe i 150 medan det var 120 under Festidalen i fjor. Det har meldt seg folk frå heile Kvinnherad for å gje dei driftige arrangørane ei handsrekning.

Men det er også eit støtteapparatet bak dei frivilljuge som fungerer på imponerande vis. uskedalen.no møtte fredag ettermiddag ei mor som hadde vore inne og servert middag til sonen sin og andre!

Av Ola Matti Mathisen



Klokka 15 fredag ettermiddag gjekk scenerigginga for fullt